



Gunn Mari Moberg, Bente Nilsen, Kari Ljosnes og Inger Myklebust er fire av dei sju på SPAR som skal gå med bøsse søndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**SPAR Uskedalen tek oppfordringa frå rodeleiar Kjell Yri på strak arm og stillar med sju av dei 14 bøsseberarane som han ynskjer seg under TV-aksjonen frå klokka 15 til 17 søndag ettermiddag.**

Men seint onsdag ettermiddag treng han tre til for å nå målet og vonar at dei melder seg på telefon 48 89 31 50 så snart som mogeleg. .

- Eg er rørt og glad over at SPAR stiller opp på denne måten, seier rodeleieren til uskedalen.no.

Dagleg leiar Bente Nilsen fortel at butikken ville ha stilt med heile staben hvis ikkje to av dei ni allereie hadde vore engasjert på anna hald.

- Kvifor dette engasjementet, Bente?

- SPAR og NorgesGruppen engasjerer seg i denne aksjonen slik dei har gjort og gjer det også for liknande føremål.

Men det var først då eg las appellen frå Kjell om å stilla opp som bøsseberarar at det vart fart i oss! "Sammen for barn" er noko av det mest meiningsfylte ein kan engasjera seg i, meiner Bente. Ho har også oppfordra dei ansatte om å gje ei timeløn til aksjonen.

SPAR har forlengst hengt opp plakatar utanfor butikkane sine med oppfordring til kundane om å melde seg som bøsseberarar.

Dei har også laga en plakat som fokuserer på sjølve innsamlingsdagen og oppfordrar om å støtta aksjonen.

Av Ola Matti Mathisen